

KULTURDEPARTEMENTET
Postboks 8030 DEP
0030 OSLODato: 17.03.2017
Vår ref.: 2016/42-18
Saksbehandlar: Bjørg Larsen
Dykkar ref.: 16/7569-

Revidering av "Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2016" frå Hordaland fylkeskommune

Vi viser til brev av 3.1.2017 der fylkeskommunane kan komme med innspel til den årlege revidering av «Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet»

Etter innspel frå kommunane i Hordaland kjem vi med ønske om følgjande endringar:

Punkt 2.5.3

Det føreslås at Kulturdepartementet framleis er godkjenningssmynde for store anlegg (symjeanlegg, kunstisanlegg og nasjonalanlegg). I tillegg bør det vurderas om alle typar hallar igjen kan omfattas av dette punktet. Dette fordi ei godkjenning av slike anlegg frå Kulturdepartementet vil sikra ein heilskapleg vurdering av anlegget sin idrettsfunksjonalitet og at denne vurderinga blir lik for heile landet. Kulturdepartementet har den nødvendige kompetansen for å utføre dette arbeidet, det har ikkje nødvendigvis kommunane som nå har høve for å godkjenne hallar.

Punkt 2.5.6

Det bør vurderast ein meir kunnskapsbasert behovsanalyse eller minimum stillast krav til at analysen skal ta omsyn til kva for anlegg den aktuelle kommune har og manglar. Slik det er no risikerer ein at nokre område har overflod av ein type anlegg mens dei manglar andre typar. Her bør kvar kommune oppmodast å jobbe mot dei typane anlegg ein veit skapar mest aktivitet for heile målgruppa. Det er nærmast automatikk i at eit kvart initiativ får spelemidlar, så lenge søknaden er riktig utfylt. Kommunane bør kunne avslå spelemiddel søknadar. Etterslepet kunne kanskje og vorte mindre om ein faktisk sa nei til ein del anlegg.

Punkt 2.6.5

Friluftslivsanlegg

Vi ønskjer endring frå: «For funksjonshemma kan spesielt baderampar til utkøyring av rullestolar nemnast» til «Rullestolrampe/baderampe for utkøyring av rullestolar i knyting til badeplassar kan det ytas tilskot inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000,-»

Idrettshallar

Vi ønsker at søknadssum på 9m takhøgde også vert teken med, så lenge den er fast frå Kulturdepartementet.

Aktivitetsflate 25x45m. Ved takhøgde 9m kan det søkas om ekstra tilskot på kr 700 000,-

Aktivitetsflate 48x45m. Ved takhøgde 9m kan det søkas om ekstra tilskot på kr 1 050 000,-

Aktivitetsflate 72x45m. Ved takhøgde 9m kan det søkas om ekstra tilskot på kr 1 400 000,-

Sandvolleyball

Nytt punkt som bør inn under ordinære anlegg. Det er mange som spelar organisert, då må også tilskot og høve til strukturert treningstid i regi av lag vere i samsvar med dette.

Punkt 4.2

Det vert foreslått at kommunar kan søke om spelemidlar til overnattingshytter i fjellet, ved kysten og i lavlandet. I Hordaland er det fleire kommunar som eig store areal langs kysten. Ei opning for at kommunar kan søke på denne ordninga vil såleis sikre ein meir heilskaplig tilrettelegging.

Britt Karen Spjeld
Leiar

Bjørg Larsen
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.